

Hyllestad Næringsråd

Prosjekt 20: Kartlegging, utvikling og omstilling av næringslivet i Hyllestad

Referat

Møte nr 2.13

frå møte i interimstyret for Hyllestad Reiselivslag.

TIL: Interimstyret:

- Oddvar Hatlem (OH)
- Roar Nordbø (RN)
- Magnar Eide (ME)

Mona Birkeland, Lisa Giil og Sylvi Sundgot meldte fråfall

Leiar i Hyllestad Næringsråd : Joakim Systaddal (JS)
Prosjektleiar omstillingsorg. . Terje Nilsen (TN)

- Helge Møller møtte i tilknytning til sak vedr strategi reiseliv
- Astrid Waage (AW) møtte i tilknytning til sak vedr Kvernsteinsparken

STAD: Storelia

TID: Tysdag 26.02.13 – Kl 17:00

AGENDA:

ANSV	SAK
	2.13.1 <u>Referat</u> Ingen merknader til referat frå møte nr 1.13
JS	2.13.2 <u>Reiselivsverksemdar</u> Ikkje kjent nye medlemmar i perioden.
JS	2.13.3 <u>Organisering</u> Prosessen med avvikling av Jensbua går sin gang. Tilnærma normal drift inntil ein er komen over i «Fjordkysten» i laupet av året.
MB/OH	2.13.4 <u>Merking av turløper og skogrydding</u> Søknad vart sendt inn innan fristen. Stadfesting av avtalar med grunneigarar var lagt ved. Ein søker om 240.000 i støtte ut frå eit budsjett på 402.000. Det er tenkt restaurering av alle løyper i lag med grendalaga. Alle grendalaga har stilt seg positiv til dette. Idrettslaget vert «paraplyen» i gjennomføringa. Det er laga ein 4-årsplan for gjennomføringa. Det er elles løyvd 10.000 frå Havyard til å kunne starte med.
TN	2.13.5 <u>Strategi reiseliv</u> Helge Møller skal hjelpa kommunen med å laga strategiplan for reiseliv. Han fortalte om bakgrunnen sin som mellom anna er frå Reisemål Hardanger. Vidare om det arbeidet han er engasjert til. Han innleiar arbeidet med 2 dagars samtalar med folk i bransjen. Så vert det tett dialog fram til sommaren då planen skal ligge føre. Det vert viktig å få bransjen til å kjenna eigarskap til planen. Suksesskriteria vil vere avhengig av det. Kvernsteinsparken må verta spydspissen.

Etter at planen er utarbeidd vert det opp til den enkelte å ta dei grep som må til i høve til eigen situasjon.

- 2.13.6 Marknadsføring - Web-side
Eiga side under HNR si webside vert laga til.
Vert fylgt opp av nytt styre.
- LG 2.13.7 Stopp for turistskip
Lisa Giil og Rune Thorsnes er med i Cruise-gruppa. (Høyanger Næringsutvikling/Innovasjon Norge/Hydro)
Utfordringa vert å finna løysingar som gjer det interessant og mogleg for turistskip å stoppa.
Noble Caledonia http://www.noble-caledonia.co.uk/sections/sea_vessels.asp var nemnt som døme på mindre skip og færre personar som mogleg kan vere lettare å handtera.
Hamnetilhøva er ei utfordring. Sea Walk løysinga er interessant <http://www.seawalk.no/> - men dyr (truleg rundt 30 mill.)
- ME 2.13.8 Åfjorden rundt.
Ein planlegg å gå opp løypa i laupet av året i lag med Idrettslaget.
- 2.13.9 Samarbeid med Kvernsteinsparken
Samarbeid med Kvernsteinsparken vert sett på som på som sær viktig.
Men Kvernsteinsparken må fyrst og fremst få utvikla sitt produkt meir enn at den skal marknadsføre reiselivsverksemdene i kommunen.
Viktigaste vert å marknadsføre kommunen.
Ein form for felles turistinformasjonsløysing må ein likevel kunne diskutera.
Det var i møte bestemt av Kvernsteinsparken vert representert i styret i HRL.
Astrid og Torbjørn kan alternera om kven som møter.
Ei felles brosjyreløysing kan diskuterast.
Det var elles eit syn på at det er trong for tyskspråkleg guide i parken.
Vert fylgt opp på neste styremøte.
- JS 2.13.10 Forstudie
«Reiseliv som fokusert satsing i Hyllestad» i regi av Jensbua.
Etterlyser framleis pdf-filen.
- JS 2.13.11 Framtidsfylket
Eventuell deltaking på messa i Oslo 5. mai.
Det vert sendt ut nærmare info frå HNR når det nærmar seg.
- JS 2.13.12 Karrieremesse HAFS
Greitt med vitjande.
Uklårt når det gjeld effekt.
- MB 2.13.13 Mediadekning
Vert fylgt opp på neste møte
- JS 2.13.14 Kartlegging
Universitetet for miljø- og biovitenskap ynskjer å kartlegge ynskjer og behov for nye tilbod for tilsette med arbeidsoppgåver knytt til naturbasert reiseliv/naturveggleiing. Link til spørjeskjema her:
<http://response.questback.com/isa/qbv.dll/SQ?r=3877697731484F32474F4F774562346C485771534F724474744552485A367A736C46446C4A50336A6343674E4C54493D>

MB/OH 2.13.15 Val
Nye medlemmar til styre vart valt under årsmøte i Næringsrådet etterpå.
Desse er:

- Marit Risnes
- Mona Birkeland
- Sylvi Sundgot
- Kvernsteinssenteret v/Astrid Waage og Torbjørn Løland
- Magnar Eide

Styret konstituerer seg på neste møte.

2.13.16 Pilgrimsvandring
Under saka vedr Åfjorden rundt var det nemnt at det vert stadig meir populært med pilgrimsvandringar (steinkrossen i Korssundet kan vere eit mål her). Når det gjeld trasé kan det henda ein då skal sjå på felles traseval der dette er mogleg.

AW 2.13.17 ERIH
Astrid fortalde om møte i Bergen der ho hadde fått informasjon om ERIH - European Route of Industrial Heritage. <http://www.erih.net/index.php>
Dette er eit nettverk av dei viktigaste industrielle kulturminner i Europa. Målet med prosjektet er å skape interesse for den felles europeiske industrielle kulturarven. ERIH ynskjer å fremja regionar, byar og stader som syner industrihistorie og marknadsføre dei som turistattraksjonar i fritids- og reiselivsnæringa (Wikipedia).
Det skal vere 850 slike plassar i 32 land i Europa. I Noreg er det til no 5 stadaer. For vår del vert nemnt ruta: Tyssedalen – Salhus – Høyanger – Hyllestad – Helle – Stongfjorden og Bremanger. Forprosjektet for denne ruta er ferdig. For Hyllestad sin del er det kvernsteinsindustrien som gjeld. Det vil vere stor gevinst på marknadsføring i dette.

AW 2.13.18 Kurs
Astrid sender info til Joakim om 4 dagars kurs i pakking, budsjett og marknadsføring av reislivsprodukt.

Magnar Eide
05.03.13